

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 01.11.2018

Vår ref.: 201837304-4

Arkiv: 311

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

Runar Tørvi - melding om bygging av Tørvi mikrokraftverk i Tverrelva, Luster kommune i Sogn og Fjordane - høyring

NVE har motteke melding frå Runar Tørvi, datert 29.09.2018, om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for Tørvi mikrokraftverk i Luster kommune. Kopi av meldinga er vedlagt.

Meldinga skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter vassressurslova §§ 8 og 10. NVE skal på bakgrunn av meldinga vurdere om tiltaket medfører skade og ulempe av eit slikt omfang for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt.

Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser vert råka av tiltaket og eventuelle andre faktiske forhold som kan vere avgjerande for gjennomføringa. Eksempel på allmenne interesser kan vere: friluftsliv, kulturminne, verdfulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Som faktiske forhold av interesse kan ein nemne informasjon om planstatus, eksisterande vassuttak, etc. Opprømsingane er ikkje uttømmende.

Vi ber Fylkesmannen og fylkeskommunen om også å vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket i høve til si sektorlovgiving.

Vi ber høyringspartane å vurdere kunnskapsgrunnlaget i høve til naturmangfaldlova § 8.

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk til nve@nve.no så snart som råd og seinast innan **13.12.2018**.

NVE vil prøve å koordinere ei eventuell synfaring av området med Fylkesmannen. Kommunen og fylkeskommunen vil verte orientert om tidspunkt for synfaringa slik at dei kan ha anledning til å delta om ønskjeleg.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen
seniorrådgjevar

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Tørvi mrokraftverk – melding for vurdering av konsesjonsplikt.

Mottakerliste:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Luster kommune
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Kopi til:

EINAR SOFIENLUND
Runar Tørvi